



Statsforvaltaren I Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/10031 - 23/45052

Saksbehandlar:  
Tone Furustøl  
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:  
08.06.2023

## Stadfestar mottatt klage og vurdering av utsatt iverksetting - gbnr 238/26 Eknes indre

**Tiltak:** dispensasjon for oppføring av bod  
**Byggjestad:** Gbnr: 238/26  
**Tiltakshavar:** Henriette Johanne Meyer  
**Ansvarleg søkjar:**

Vi stadfestar å ha mottatt dykkar rettidige klage på dispensasjon for oppføring av bod - gbnr 238/26 Eknes indre.

Klagen vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 07.06.2023. Når protokoll frå møtet er ferdigstilt, så vert klagesaka følgt opp med utsending av vedtak.

### Vurdering av utsett iverksetting av vedtak

I mottatt klage er det bedt om utsett iverksetting av vedtaket, datert 18.01.2023 med saknr. 004/23. Oppmoding om utsett iverksetting vert handsama uavhengig av sjølve klagehandsaminga.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskapleg og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka. Det sentrale for avgjerda vil vera ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje, td. uoppretteleg skade eller tap for partane.

I vedtaket som er fatta er det gitt dispensasjon frå LF-føremålet og frå byggeforbodet i 100 meters beltet langs sjøen, jf. pbl. § 1-8. Det er ikkje søkt om løyve til frådelling per dags dato.

Administrasjonen vurderer at det er grunnlag for å gje utsett iverksetting av vedtaket om dispensasjon inntil klagesaka er avgjort. I vurderinga av saka har administrasjonen lagt særleg vekt på at det ikkje er føremålstenleg å handsama ein eventuell søknad om løyve før klagen

på dispensasjonsvedtaket er endeleg avgjort. Ei eventuell omgjerding av vedtaket som no ligg føre, vil kunne føra til at det vert gitt løyve på feil grunnlag slik at også dette vedtaket må endrast. Det er vidare lagt vekt på at eit vedtak om utsett iverksetting får liten konsekvens for tiltakshavar.

Det vert gjeve utsett iverksetting av vedtaket om dispensasjon fatta av Utval for areal, plan og miljø i møte den 18.01.2023 med saknr. 004/23.

Denne avgjerda er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Statsforvaltaren i Vestland kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Statsforvaltaren i Vestland.

### Aktuelt regelverk

- Frist for handsaming av klage går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1 første ledd bokstav c.
- Frist for handsaming av klage viss det er gitt utsatt iverksetting går fram av SAK § 7-1 første ledd bokstav f.
- Kommunen kan endre vedtaket på bakgrunn av klaga, jf. forvaltningslova (fvl) § 33.
- Utsett iverksetting av tiltak har grunnlag i fvl § 42.
- Krav om utsatt iverksetting skal vurderast med bakgrunn i Ombodsmannen si årsmelding av 1985 på s. 154.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Tone Furustøl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Henriette Johanne Meyer	Starefossbakken 13 C	5019	BERGEN
Henriette Johanne Meyer	Starefossbakken 13 C	5019	BERGEN

### Mottakarar:

Statsforvaltaren I Vestland	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
-----------------------------	--------------	------	-----------